

Utviklingsplan

Klepp ungdomsskule



2025 - 2028

INNHOLD


Innleiing	3
Overordna mål	4
Overordna del av læreplanen	4
Sektormål	4
Kven er me på Klepp ungdomsskule.....	5
Den rauda tråden.....	6
Analyse av læringsmiljø og læringsresultat.....	6
Med blikk for alle	6
Utviklingsområde	7
Historisk blikk på utviklingsområde	7
Kleppskulen mot 2028	8
Kjernekomponentar for Kleppskulen	8
Den engasjerte eleven	8
Læreplanforståing	8
Profesjonelle læringsfellesskap	8
Felles satsingsområde i Kleppskulen	8
Oracy.....	9
Digitalisering	9
Klepp ungdomsskule mot 2028.....	10
Utviklingsområde 2025-2026.....	10
Profesjonelt læringsfellesskap	10
Læreplanforståing	10
Den engasjerte eleven	10
Oppsummert om profesjonsfellesskap og utviklingsområda.....	11
Utviklingsområde 1: RESPEKT	12
Utviklingsområde 2: Undervegsvurdering	13
Utviklingsområde 3: Den engasjerte eleven	14

Innleiing

Utviklingsplanen syner korleis skulen vil vidareutvikla det pedagogiske arbeidet og i kva retning skulen vil gå i åra som kjem. Det er Opplæringslova, formålsparagrafen, overordna del av læreplanen, Kunnskapsløftet 2020 og Jærskulen sine mål som er styrande for planen. Vidare er Klepp sine kjernekomponentar og planen *Kleppskulen 2028* sentrale føringar for vår utviklingsplan. Me tek omsyn til dei overordna måla, saman med analysar av pågående utviklingsarbeid og skulen sine resultat, i utarbeiding av nye målsettingar.

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.


Utviklingsarbeidet i Kleppskulen bygger på overordna del av læreplanverket, samfunnsdelen i kommuneplanen, strategiane i Kvalitetsplan for barn og unge og dokumentet Kleppskulen mot 2028.



Overordna mål

Overordna del av læreplanen

Overordna del er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og kjem ut frå formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Sektormål

Dei nasjonale sektormåla for grunnopplæringa er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå - Måla er nasjonale og gjeldande for Jærskulen, kommunane og skulane:

1. Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
2. Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
3. Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
4. Alle lykkast med opplæringa og utdanninga

Formålsparagrafen i opplæringslova lyder slik:

Opplæringa i skole og lærebodrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som også kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfold og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meiste liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebodrifa skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og læreryst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

(Opplæringslova § 1-1)

Kven er me på Klepp ungdomsskule

<p>Visjon <i>Bli den beste du kan bli!</i></p>	<p>Klepp ungdomsskule i TET</p> <ul style="list-style-type: none">• Trygg• Engasjert• Tydeleg
--	---

I eit samspel mellom elevar, føresette og tilsette skal me sjå og utvikla den einskilde sine evner både fagleg og menneskeleg, bygd på høge ambisjonar, tydelege rammer og gjensidig respekt.

- Kvar elev skal oppleva meistring kvar dag.
- Me skal leggja til rette for eit godt samspel mellom heimen og skulen.
- Me som arbeider ved skulen skal snakka positivt om og med kvarandre, og gjera kvarandre gode.

Klepp ungdomsskule er ein Respekt-skule. Gjennom fleire år har me arbeida etter klare verdiar og tydelege rammar for å gje eit optimalt læringsmiljø. Det blei laga sju setningar for å ramma inn kva me står for. Desse sju punkta er under revitalisering dei to siste skuleåra, med slutføring 2025-2026, slik at alle tilsette ved Klepp ungdomskule skal eiga definisjonen og innhaldet:

1. Gode relasjonar og god kommunikasjon i det vaksne miljøet.
2. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom dei vaksne og elevane.
3. God klasseleiing.
4. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom skulen og heimane.
5. Gode relasjonar og god kommunikasjon mellom elevane.
6. Samkøyrt oppfølging av skulen sine reglar og rutinar.
7. Kvar elev opplever fagleg meistring kvar dag.

Den rauda tråden

I vårt overgangsarbeid frå barneskule til ungdomsskule, i våre fellessamlingar, på foreldremøte og i våre klasserom ønskjer me at elevane skal rammast inn i det å vera greie og å vera robuste. Gjennom skuleveka har elevane ein *Bli den beste du kan bli* – time som fokuserer på sosial og emosjonell styrke.

Bilete under peikar på viktige moment som seier kven me på Klepp ungdomsskule skal vera.

Kva definerer oss?

- Den raude tråden – frå 7. til 10.
- *Elevane skal vera greie og robuste*



Optimalt læringsmiljø
RELASJONAR

Visjon
Bli den beste du kan bli!

Klepp ungdomsskule i TET

- Trygg
- Engasjert
- Tydeleg

CL
Samarbeidslæring

Oracy

LEGGE TIL

Analyse av læringsmiljø og læringsresultat

Viser til kvalitetsmeldingane:

[Kleppe ungdomsskule kvalitetsmelding 2024](#)

(<https://opengov.360online.com/Meetings/KLEPP/File/Details/704472.PDF?fileName=Klepp%20ungdomsskule%20Kvalitetsmelding%202024&fileSize=262448>)

[Kvalitetsmelding frå Kleppskulen 2024 – skuleeigar](#)

(<https://opengov.360online.com/Meetings/KLEPP/File/Details/704498.PDF?fileName=Kvalitetsmelding%20fr%C3%A5%20Kleppskulen%202024-skuleeigar&fileSize=1582732>)

Med blick for alle

Visjonen til Klepp er *Med blick for alle*. Det skal vera trygt og godt å veksa opp i Klepp. Kleppmodellen er innført, og vil vera det sentrale i alt arbeidet vårt på Klepp ungdomsskule for å sikra tidleg oppdaging og innsats når ungdommane treng det. Kleppmodellen finn du her:

<https://klepp.betreinnsats.no/kleppmodellen/>

Utviklingsområde

Historisk blikk på utviklingsområde

Skuleår	Utviklingsområde
2024-2025	1. Respekt 2. Undervegsvurdering 3. Den engasjerte eleven
2023-2024	1. Respekt - eit optimalt læringsmiljø 2. Fagfornyinga – undervegsvurdering 3. Den engasjerte eleven
2022-2023	1. Fagfornyinga – undervegsvurdering 2. Tidleg innsats og Kleppmodellen
2021-2022	1. Fagfornyinga – undervegsvurdering og elevstemmen 2. Tidleg innsats – fokus § 12
2020-2021	1. Fagfornyinga 2. Tidleg innsats
2019-2020	1. Vurdering 2. Tidleg innsats 3. Optimalt læringsmiljø
2018-2019	1. Vurdering for læring og av læring 2. Praktisk og utfordrande undervisning 3. Eit optimalt læringsmiljø
2017-2018	1. Læringsbrett 2. Klasseleiing Relasjonsbygging og grensesetting 3. PRUV relatert til Vurdering for læring
2016-2017	1. Ungdomstrinn i utvikling UiU Ungdomstrinn i utvikling - PRUV Klasseleiing - sett frå det vaksne miljø Klasseleiing - relasjonell leiing 2. Lesing
2015-2016	1. Ungdomstrinn i utvikling UiU Organisasjonsutvikling - ein lærande organisasjon Klasseleiing - sett frå det vaksne miljø Klasseleiing - betre og meir variert undervisning 2. Lesing
2014-2015	1. Respekt - eit optimalt læringsmiljø 2. Klepp U i TET: Trygg - Engasjert - Tydeleg. <i>Bli den beste du kan bli</i> 3. Fagleg vidare satsing i matematikk og lesing
2013-2014	1. Respekt - eit optimalt læringsmiljø 2. Visjon- felles verdigrunnlag 3. Grunnleggjande ferdigheter 4. Vurdering for læring

Kleppskulen mot 2028

Kjernekomponentar for Kleppskulen

Det er i medskapingsprosessar utarbeidd tre kjernekomponentar for Kleppskulen fram mot 2028. Desse tre kjernekomponentane er skulane forplikta å arbeide i tråd med og Kleppskulen skal retta særskild merksemrd mot desse slik at dei ligg til grunn for skulane sin praksis. Dei tre kjernekomponentane og hovudmålsetjingane er beskrivne under her:

Den engasjerte eleven

Kjernekomponenten *Den engasjerte eleven* søker å inspirera og motivera elevane til aktiv deltaking og læring. Målet er å utvikla sjølvstendige tenkjarar og problemløysarar som er ivrige etter å utforska, utfordra og bidra konstruktivt til si eiga utdanning. Dette inneber å leggja til rette undervisninga på ein måte som fangar merksemda deira, fremjar kreativ tenking og oppmunstrar til utforsking. Gjennom denne kjernekomponenten ønskjer ein å utvikla ikkje berre kunnskap, men også ferdigheter som vil vera relevante og nyttige både i og utanfor klasserommet. Det handlar om å byggja bru mellom interessene til elevane og målet til læreplanen, slik at læring blir meiningsfull og engasjerande. På denne måten bidreg 'Den engasjerte eleven' til å fremja livslang læring og personleg vekst.

Læreplanforståing

Hovudmålsetjinga med denne kjernekomponenten er å sikra at lærarar og skuleleiarar har ei djup og heilskapleg forståing av læreplanen vår. Ved å ha ei solid forståing av læreplanen, skal kleplærarane og skuleleiinga betra tilpassa undervisninga for å møta behovet hjå elevane, samtidig som dei sikrar at undervisninga er i tråd med dei overordna nasjonale sektormåla. På denne måten ønskjer me å fremja effektiv læring, engasjement og meistring for alle elevane våre.

Profesjonelle læringsfellesskap

Hovudmålsetjinga med kjernekomponenten 'profesjonelle læringsfellesskap' er å skapa eit dynamisk og støttande miljø der lærarar kan samarbeida, dela kunnskap og erfaringar, og kontinuerleg forbetra undervisningspraksisen sin. Gjennom regelmessige møte, refleksjon og felles problemløysing, søker desse fellesskapa å fremja fagleg vekst og utvikling blant lærarane. Ved å ha fokus på og leggja til rette for profesjonelle læringsfellesskap vil me styrkja kvaliteten på undervisninga, auka prestasjonane til elevane og skapa ein kultur prega av læring, samarbeid og kollektiv ansvarskjensle.

Felles satsingsområde i Kleppskulen

Alle skulane har sine satsingsområde som bygger opp under kjernekomponentane til Kleppskulen. I tillegg er det to satsingsområde som er felles fram mot 2028:

Oracy


Hovudmålsetjinga med satsingsområdet oracy i skulen er å styrkja munnlege ferdigheiter blant elevar og vaksne. Gjennom systematisk trening i munnleg kommunikasjon, og dessutan bevisstgjering rundt tale, lytting og samtaleferdigheiter, sokjar ein å fremja evna elevane har til å uttrykkja seg klart, samanhengande og overbevisande. Dette inkluderer også å utvikla empati og respekt for synspunkta til andre gjennom konstruktiv dialog.

Alle våre tilsette skal ha kompetanse på korleis munnlege ferdigheiter både kan læra elevane å kommunisera og korleis dei kan læra gjennom å kommunisera. To aspekt av munnlege ferdigheiter.

Oracy satsinga har derfor som mål å rusta elevar for effektiv kommunikasjon i ulike situasjoner, både i skulesamanheng og seinare i livet, og dermed bidra til den personlege og faglege utviklinga deira.

Digitalisering

Hovudmålsetjinga med satsinga på digitalisering i skulen er å integrera moderne teknologi som eit effektivt verktøy for læring og undervisning. Gjennom å implementera digitale ressursar, verktøy og pedagogiske metodar sokjer ein å auka den digitale kompetansen til elevane, fremja kreativitet og innovasjon, og dessutan førebu dei på ei stadig meir digitaliserte arbeidsverda. Vidare ønskjer ein å skapa eit inkluderande læringsmiljø der teknologi blir brukt til å tilpassa undervisninga etter individuelle behov og styrkja engasjementet og motivasjonen til elevane. På denne måten siktar satsinga på digitalisering mot å rusta elevar for framtida og fremja læringseffektiviteten i skulen.



Modellen viser korleis alt heng saman med alt i Kleppskulen sitt arbeid for å oppnå kvalitet i opplæringa

Klepp ungdomsskule mot 2028

Utviklingsområde 2025-2026

Etter evaluering og prosess rundt utviklingsområda siste skuleår, er me einige om å fokusera vidare på få områder og halde på det som er starta. Ståstadsanalysen i hausten 2024 underbyggja satsinga på undervegsvurdering.

Kleppskulen har tre kjernekomponentar som skal gje retning for alle skulane i kommunen. På vår skule har me samla vårt utviklingsarbeid inn i dei tre kjernekomponentane:

Profesjonelt læringsfellesskap

- RESPEKT – gje meinig og driv i dei sju RESPEKT-setningane.
- Lærar som leiar i undervisning.
- Lærar som leiar av utviklingsarbeid.
- Lesson Study blir brukt som metode for å forsterka lærarane sitt utviklingsarbeid.

Klepp ungdomsskule innførte RESPEKT-programmet frå 2012 av. Det er gjort eit solid arbeid i dette, og me har frå 2023 redefinert og vitalisert innhaldet. Det er viktig for alle, både dei som var med å innføra programmet, og for dei tilsette som er komne til ila av siste åra. Det er dei tilsette til ein kvar tid, som er Klepp ungdomsskule sitt lag – og det er dei som skal gje meinig og driv i RESPEKT framover.

I vårt profesjonelle læringsfellesskap bruker me Lesson Study som metode. Lesson study er eit reiskap til å læra i lag – og då alltid med fokus på det som uansett er våre satsingar.

Læreplanforståing

- K20 – Overordna del, kjernelement, tverrfaglege tema, læreplanar i fag.
- Undervegsvurdering, vurdering for læring, framovermeldingar – eleven sitt læringsløp.
- Karakterdempa skule; elevane får ingen/få karakterar utanom terminkarakterane.

Undervegsvurdering vil me halda fokus på framover. Kva er den gode måten å driva undervegsvurdering på i ulike fag. Kan me som skule definera noko haldepunkt på korleis me gjer det?

Den engasjerte eleven

- CL - Cooperative learning - samarbeidslæring
- Oracy – evna til å bruke munnleg språk klart, trygt og effektivt i samtale, læring og samspele med andre.

- Eleven sin stemme i sitt læringsløp; engasjera seg i si eiga faglege læring, ansvar for sin sosiale utvikling, og delta i elevdemokratiet.

Cooperative Learning (CL) fekk ein restart gjennom skuleåret 2023-2024, bl.a. med studietur til Danmark og jamt trykk på dette på trinna og skulen etterpå. Me har jamt fokus på CL, og målet er at lærarane brukar dette naturleg som ei styrking i alt arbeid med læring i klassen, både i det faglege og i det sosiale. Oracy som ny satsing i heile Kleppskulen vil passe svært godt saman med vårt arbeid med CL. Oracy handlar om at elevane skal kunne uttrykkje seg klart, strukturert og tilpassa situasjonen, og kunne lytte aktivt og kritisk – og dette kan gå rett inn i alle strukturane i CL.

Oppsummert om profesjonsfellesskap og utviklingsområda

Under kvart av kjernekompontane vil det vera ulik fokus og vektlegging gjennom skuleåret. Alt heng i hop med alt. Målet gjennom alt arbeidet me gjer med kjernekompontane, er å skapa den engasjerte eleven; slik at eleven med sosial tryggleik, glede i læring og samarbeid, deltaking i vurdering og i skulesamfunnet – skal kunne *bli den beste du kan bli*.

Skulen skal vere ein profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar praksisen sin.

Overordna del, 3.5 Profesjonsfellesskap og skoleutvikling

Arbeidet vårt med dei tre utviklingsområda skal skje i Klepp ungdomsskule sitt profesjonsfaglege fellesskap. Dette er vårt mandat og vår jobb, ein jobb som er krevjande, givande, læringsrik og inspirerande.

Siste avsnitt i Overordna del, 3.5 Profesjonsfellesskap og skoleutvikling:

Det er gjennom det daglege møtet mellom elevar og lærarar at det breie formålet med skolen blir realisert. Lærarar vil i konkrete opplæringssituasjonar oppleve spenningar mellom ulike formål og verdiar. Dei må heile tida gjere krevjande avvegingar mellom omsynet til den enkelte eleven og omsynet til fellesskapen, mellom å støtte og stille krav, mellom skolekvardagen her og no og arbeidet med å førebu for framtida. Alle elevar er ulike, og kva som er eleven sitt beste, er eit kjernespråsmål i all opplæring. Dette spørsmålet må alle som jobbar i skolen, svare på nytt kvar dag.

Utviklingsområde 1: RESPEKT

Hovudmål: Alle elevar har eit optimalt læringsmiljø

Delmål: Prosessar i det profesjonelle læringsfellesskapet skal gje meinig og driv i RESPEKT

Merknad: Her står mykje tomt nettopp for at me tilsette på skulen skal fylla innhaldet, jamfør Overordna del, 3.5

Mål (konkret kva ein skal oppnå)	Delmål	Tiltak / handling (i høve til delmål)	Vurdering av måloppnåing	Suksesskriterium
Alle elevar blir møtt på ein måte som skapar motivasjon og engasjement (Sjå eigen plan for Respekt)	Oppstart av skuleåret har vore i tråd med Respekt-programmet, og alle følgjer lojalt opp.	Gjennomgang av Respektprogrammet	Trivselslogg to gonger pr semester, evaluering ut frå desse underveis på hausten.	Elevane er trygge. Elevane er engasjert.
Gode relasjoner og god kommunikasjon i det vaksne miljøet.		Me på Klepp ungdomsskule er eit lag som vil kvarandre vel <ul style="list-style-type: none"> • me er rause, støttande og lojale. • me er profesjonelle med fokus på god dialog, delingskultur og godt samarbeid. • me er inkluderande og har respekt for kvarandre. • me har det sosialt og bruker humor på ein god måte. 		
Gode relasjoner og god kommunikasjon mellom dei vaksne og elevane.				
God klasseleiing.				
Gode relasjoner og god kommunikasjon mellom skulen og heimane.				
Gode relasjoner og god kommunikasjon mellom elevane.				
Samkjørt oppfølging av skulen sine reglar og rutinar.				
Kvar elev opplever fagleg meistring kvar dag.				

Utviklingsområde 2: Undervegsvurdering

Hovudmål: Alle elevar skal få oppfylt formålet for opplæringa - [opplæringslova § 1-1](#)

Hovudfokus er undervegsvurdering med fokus på elevstemmen og elevmedverknad.

Læringsfremjande undervegsvurdering skal auka kompetanse hos eleven. Den skal skapa læreryst og vera til eleven sitt beste. Undervegsvurderinga skal vera slik at eleven forstår kva dei skal læra.

Tre fasar i undervegsvurdering: 1. Følge med på og fange opp kompetanse, 2. Å kommunisere om progresjon og 3. Å planlegge videre læring.

Dette området har vore arbeida med over mange år. Hovudfokus for oss i undervegsvurdering framover, er å etablira «slik gjer me det på Klepp u».

Mål (konkret kva ein skal oppnå)	Delmål	Tiltak / handling (i høve til delmål)	Vurdering av måloppnåing	Suksesskriterium
Me legg til rette for undervegsvurdering som fremjar læring og læreryst, og som er integrert i arbeidet med elevane si læring.	Elevane får tilpassa framovermelding i undervisning, fagsamtalar og utviklingsamtale	* Me vurderer vidare bruk av modul 6 6.1-6.5 (Kompetansepakke Fagfornyinga, udir.no)	Jamleg treffpunkt i faggrupper. Status undervegs i utviklingsgruppa	Elevane veit kor dei står. Elevane kan snakka om kor dei er i læringa si. Elevane veit kva dei skal gjera for å utvikla seg.
Me set standpunktcharakterar som uttrykker elevane sin samla kompetanse i fag ved avsluttinga av opplæringa, etter at elevane har fått vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar.	Elevane får standpunkt som viser deira kompetanse	* Me vurderer vidare bruk av modul 6 6.6 (Kompetansepakke Fagfornyinga, udir.no)	Jamleg treffpunkt i faggrupper. Status undervegs i utviklingsgruppa	Felles og trygg karaktersetting. Få klager på standpunkt. Skulen får medhald i klager.
Vidareutvikla profesjonsfellesskapet og utvikla ein berekraftig læreplankompetanse.	Vidareutvikle profesjonsfellesskapet i det vidare arbeidet med læreplanverket Vidareutvikle læreplankompetansen i et langsigkt perspektiv	Aktiv deltaking og eigarskap til utviklingsarbeidet	Status undervegs i utviklingsgruppa	Gode prosessar Profesjonell inngang til ny læreplan Skapa felles forståing; «slik gjer me det på Klepp u»

Utviklingsområde 3: Den engasjerte eleven

Hovudmål: Den enkelte elev er engasjert i eiga læring og utvikling

Delmål: Samarbeidslæring og aktive elevar

Mål (konkret kva ein skal oppnå)	Delmål	Tiltak / handling (i høve til delmål)	Vurdering av måloppnåing	Suksesskriterium
Elevane sitt arbeid i lag med lærarane fører til auka motivasjon og meir læring.	Elevane blir følgt opp frå første dag av, kontaktlærarar og faglærarar.	Tett på i klasserommet – både frå lærarkollega og ansvarleg leiar på trinnet.	Jamleg, drøfting i utviklingsgruppe og leiargruppe i høve til nye tiltak.	Elevane har medverknad på metode. Elevane er med i vurderingsarbeid. Elevane har eigenvurdering.
<i>CL – Cooperative learning</i> Elevane har optimal læring gjennom samarbeidslæring.	SPIL-prinsippa gjeld: Samtidig interaksjon Positiv avhengige Individuelt ansvar Lik deltaking	Økter i PLF-tida, fast punkt på trinnmøta. Aktuelt på planleggingsdagar.	Jamleg, drøfting i utviklingsgruppe og leiargruppe i høve til nye tiltak.	Aktive elevar Auka læringsresultat God trivsel
<i>ORACY</i> Elevane skal kunne uttrykkje seg <i>klart, strukturert og tilpassa situasjonen</i> , og kunne lytte aktivt og kritisk.	Elevane skal utvikla seg i fire område: - fysisk - språkleg - kognitivt - sosialt og emosjonelt	Følgje lokal læreplan i Oracy. Økter i PLF-tida, fast punkt på trinnmøta. Aktuelt på planleggingsdagar.	Jamleg, drøfting i utviklingsgruppe (inkludert språkkontakt) i høve til nye tiltak.	Alle elevar deltek munnleg i læringa. Aktive elevar Auka læringsresultat God trivsel
Elevrådet Elevane skal ha reell påverknad og ansvar for skolemiljøet i klassen, trinnet og skulen.	Læra dei demokratiske reglane. Læra rett saksgang	Avdelingsleiarane lagar eit trinn-nivå, som er mellom klasseråd og elevråd heile skulen.	Jamleg, drøfting i utviklingsgruppe og i elevrådet.	Elevane kjenner at deira stemme tel. At elevsakar blir framført, vedteke og gjennomført i praksis.